

NR 4/2013

NOTAT

Anders Aschim, Ketil
Grøtting, Per Halse,
Svein Hunnes, Henny
Koppen, Birger Løvlie,
Elizabeth Oltedal,
Jan Inge Sørbo.

**“ME SYNGJA SKAL DEN NYE SONG”
FORNORSKINGA AV SALMESKATTEN**

Forfattarar	Anders Aschim, Ketil Grøtting, Per Halse, Svein Hunnes, Henny Koppen, Birger Løvlie, Elizabeth Oltedal, Jan Inge Sørbo.
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Anders Aschim
Distribusjon	http://www.hivolda.no/notat

«Me syngja skal den nye song». Fornorskinga av salmeskatten.
Språkårskveld i ord og tonar, Volda kyrkje 23.09.2013.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

Innhald

Innhald	4
Nynorsk kyrkjeleg skriftkultur, forskning og formidling	5
Den musikalske drakta – i spenningsfeltet mellom tekstformidling og kunstnarlege kriteria	6
Programmet vårt	8
Konserten – frå songarens ståstad	9
Litteratur.....	10
Høyr kor kyrkjeklokka lokkar (NoS 575)	12
Velkomstord	13
No koma Guds englar med helsing i sky (NoS 63)	14
Elias Blix (1836 – 1902)	15
Ein båt i stormen duva (NoS 470)	17
Med Jesus vil eg fara (NoS 418)	18
Johannes Barstad (1857 – 1931)	19
Eg ser deg, Gud, i kvar den blom som tiner (NoS 287/256)	21
Bernt Støylen (1858 – 1937)	22
Gud signe vårt folk der dei sigler og ror (NoS 753)	23
Eg veit i himmerik ei borg (NoS 843)	24
Anders Hovden (1860 – 1943)	25
Kven kan seia ut den glede (NoS 377)	27
Ved Jesu føter (Sangboken 54)	27
Matias Orheim (1884 – 1958).....	28
Ned i vester soli glader (NoS 821)	30

Nynorsk kyrkjeleg skriftkultur, forskning og formidling

ANDERS ASCHIM

Hovudtemaet for Forskingsdagane 2013 var «Hav og vatn». I tillegg ønskte Høgskulen i Volda å markere Språkåret 2013. Det same ville Volda og Ørsta kyrkjeakademi. Slik begynte dette samarbeidsprosjektet.

Utgiving av religiøse tekstar som Bibelen, katekismen, salme- og songbøker har vore ein viktig faktor i historia om utviklinga av nynorsk som skriftspråk. Ved Høgskulen i Volda er det samla mykje kompetanse innan forskingsfeltet nynorsk skriftkultur, også på delfeltet vi kan kalle religiøs skriftkultur. Doktorarbeidet til Per Halse (2009; jf. Halse, 2011) er eit sentralt bidrag her, og både Birger Løvlie (2007) og Anders Aschim (2008) har skrivne om viktige aktørar. Alle desse arbeider ved Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag; Halse er rett nok for tida i utlegd som rektor.

Høgskulen i Volda er òg privilegert med ein vital musikkseksjon. Elizabeth Oltedal og Ketil Grøtting var straks med på ideen om å skipe til ein språkårveld i Volda kyrkje. Her ville vi gi eit representativt uttrykk for den nynorske salmeskatten gjennom korte taleinnslag, musikalske solo- og ensembleinnslag og – ikkje minst – allsong. Dette var eit fint høve til å formidle noko av den sentrale aktiviteten til høgskulen innan forskning og kunstnarleg verksemd til eit publikum som samtidig fekk høve til å vere deltakarar, ikkje berre tilskodarar.

Det var krevjande å gjere eit utval av dette rike tekstmaterialet. Vi valde å konsentrere oss om Blix, grunnsteinen i nynorsk salmedikting, og fire viktige tidlege diktarar med lokal tilknytning, Barstad, Støylen, Hovden og Orheim. Med på laget kom Jan Inge Sørbo, som rett nok tilfeldigvis arbeider ved eit anna institutt (sosialfag). Han har høg kompetanse på felte nynorsk skriftkultur og religion/litteratur (to eksempel er Sørbo, 1994 og 2004), òg som lyrikar.

Musikarane valde, som dei gjer greie for på dei neste sidene, å arbeide med folketonar. Her blei Henny Koppen og Svein Hunnes med på å utvikle og gjennomføre denne sida av prosjektet. Dei fire musikarane har gjort eit omfattande kreativt arbeid i samband med dette programmet. Sverre Volle har skrivne tre nye arrangement spesielt for denne gruppa.

Etter nokre innleiande refleksjonar frå dei medverkande i prosjektet inneheld denne dokumentasjonen det fullstendige programmet frå språkårvelden i Volda kyrkje 23. september 2013, både salmetekstane og taleinnslaga – men dessverre utan lyd og bilde.

I ettertid ser vi at programmet faktisk også levde godt opp til hovudtemaet for Forskingsdagane. Det er mykje «hav og vatn» i nynorsk salmesong.

Den musikalske drakta – i spenningsfeltet mellom tekstformidling og kunstnarlege kriteria

ELIZABETH OLTEDAL

Å velje ut eit musikalsk materiale til kunstnarleg formidling er spanande arbeid. At oppdraget er konkret og nøyaktig spesifisert gjer det ikkje mindre utfordrande. I dette tilfellet skulle det veljast ut eit knippe salmar som kunne representere fem sentrale tekstforfattarar som nytta nynorsk: Blix, Barstad, Støylen, Hovden og Orheim (her i kronologisk rekkefølge).

Produksjonen til desse fem over ein periode på ca. åtti år, 1870 til 1950, utgjer ein stor del av den nynorske salmeskatten som er nytta og elska også i dag. Denne perioden spenner over store historiske omveltingar og strøymingar, som òg fekk sin gjenklang i norsk kristenliv.

Valet vårt om å finne fram salmar som blir sungne til *folketonar* kom frå idéen om at folketonane representerer noko «autentisk» på same måten som nynorsken kom frå det autentiske folkemålet. Dette sjølvpålagde kriteriet gjorde at søket med eitt blei mykje smalare. Det er overraskande få av dei nynorske salmane der det er nytta folketonar som melodi. Dette avspeglar kanskje ikkje så mykje at folketonane ikkje var velkomne i kyrkja, slik som fele og andre folkemusikkinstrument, men heller at den rådande stilen for salmemelodiar i kyrkja frå siste halvdel av 1800-talet var den «lindemanske», påverka av dansk-tysk koralmelodi-tradisjon.¹ Folketonar kom med for alvor i salmebøkene utgjevne på 1920-talet, t.d. Eyvind Alnæs si koralbok (1926), Nynorsk salmebok (1925) og Landstads reviderte (1924).²

Relasjonen mellom musikk og tekst i kyrkjelege samanhengar har vore eit viktig emne til alle tider. Spenningsane mellom ideane om musikken på den eine sida som «tenar» for teksten, og på den andre som ei sjølvstendig estetisk uttryksform «til Guds ære», har prega debatten gjennom dei mange reformene, der stilideala i tida har hatt sitt å seie. Såleis kan vi spore ideala som låg bak den gregorianske liturgiske songen også i dei pietistiske haldningane som prega salmesongen i den norsk-lutherske kyrkja på det seine 1700-talet og første halvdel av det 19. hundreåret, der langsame tempi, fråvær av punkteringar og synkoper og ei generell forflating av rytme var ei direkte følgje av ideen om at musikken skulle vere underlagd teksten og ikkje distrahere. Ofte i kontrast til dette er ynsket om å finne eit musikalsk språk som kler tekstens verbalspråk og som kyrkjelyden kjenner seg heime i. Luthers bruk av verdslege melodiar til salmetekstar er eit døme på dette.³

Frykta for at verdslege element kan bryte ned og forderve dei kristne verdiane, ser ein tydeleg i debatten rundt musikk til bruk i kristne samanhengar i Norge rundt midten av 1900-talet. Både den «folkelege» og den «liturgisk-estetiske» retninga tok avstand frå populærmusikkens påverknad. I musikktidsskriftet Concordia (stifta i 1945) kom det mange innlegg med kritikk av den «stigende underholdningsmentalitet» representert i melodiar som likna dansemelodiar og slagarar (Eeg, 1946). Sven Eeg formana: «Vær ikke redde for å bruke slike sanger hvor både tekst og tone krever noe av tanke og vilje for å bli åndelig fordøyd. I lengden vil de bli til mer virkelig oppbyggelse enn slike som er iørefallende og slår

¹ Både M.B. Landstad og L.M. Lindeman (Lindeman med støtte frå universitetet i Christiania) samla og ga ut ei mengd folketonar, og desse fekk ein del kritikk av di dei var notert og harmonisert i firstemmig sats for piano etter tysk tradisjon, og dermed tapte mange av elementa som var typiske for folkemusikken.

² Det var først og fremst O.M. Sandvik, som sat i koralbokkomiteen frå 1923, som ivra for å få inn folketonar i salmesongen.

³ Men Luther gjekk heller ikkje av vegen for å berre bytte ut einskilde ord i verdslege tekstar, t.d. *Innsbruck, ich muss dich lassen* og *Wie schön leuchten die Äugelein*, til salmebruk.

nokså ensidig på de følelsesmessige strenger, og som desto fortere blir utslitt» (ibid.). Medan Concordia i stor grad representerte lekmannsrørsla, bedehus- og indremisjonsmiljø, kom eit anna perspektiv fram i organisasjonen Musica Sacra, stifta i 1952 av norske komponistar og organistar som var skulerte innan den klassiske musikken, med påverknad av den europeiske høgkyrkjelege tradisjonen innan kyrkjemusikken. Deira mål var mellom anna ei «fornyelse av reformasjonstidens rytmiske salmesang», og «utbredelse av nyere salmemelodier som holder kirkemusikalske mål» (Musica Sacras lover, sitert i Apeland, 2005). Sigurd Lunde refsar desse, i ein artikkel om «Toner og tonedrakt i kirke og kirkeliv» (1946): «Det er vel høyst uklart med hvilken rett en gruppe spesialister kanoniserer den rene stilen og setter mindreverds-stempel på alle andre». Lunde ville gje plass for eit mangfald av uttrykk og oppfordra organistar og andre til å «utvide sine hjerter». Han representerer eit inkluderande syn, der kyrkja skal romme livet i alle sine faser og uttrykk: «Og det er *livet* kirkemusikken skal tjene, det rikeste og mest omfattende liv som eksisterer».

Eit halvt århundre seinare var tematikken minst like aktuell. Sigbjørn Apeland refererer i si doktorgradsavhandling (2005) frå «Elg i solnedgang»-debatten frå 2000-2001, der Ola Tjørhom fekk mange mot seg då han skreiv at kyrkja var prega av «en popularisert og populariserende kultur» med to syndebukkar: kyrkjelege «kultur-sputnik'er» og «den kulturelle nostalgi-bølgen». Tjørhom argumenterte for «elementære kvalitetskrav», og for meir avantgarde-musikk inn i kyrkja. Slik sett er han ein klår representant for den liturgisk-estetiske retninga. Ser han på salmeboka som nyss er utgjeven (*Norsk salmebok 2013*), må vel Tjørhom vere letta over at så få av salmane har tydeleg populærpreg. Likevel kan det ikkje vere tvil om at dei populære sjangrane har fått plass i Den norske kyrkja, somme stadar både til høgmesse og til dei mindre formelle temagudstenestene. Innkjøp av piano og songmikrofonar, i tillegg til videokanon og storskjerm, er ein del av ei prioritering av kunstnarlege uttrykksformer som mange unge kjenner seg heime i, og kyrkjemusikaren må arbeide med ein breiare palett enn for få år sidan.⁴

Denne skissa av nokre få moment i den norske kyrkjemusikkdebatten gjev eit grovt bakgrunnsbilde for korleis val av salmar, salmemelodiar og arrangement ligg i eit spenningsfelt mellom folkeleg og liturgisk-estetisk tradisjon. For sjølv når teksten er gjeven, vil melodien ha sitt særpreg uavhengig av tekst, og samstundes vil ein kvar melodi kunne arrangerast i ei harmonisk, rytmisk og klangleg ramme som igjen har sitt idiomatiske særpreg. Dette vil ikkje seie at eit kvart musikalske uttrykk vil kunne sjangerfestast,⁵ men at ein kan peike på påverknad frå ein eller fleire stilartar eller sjangrar. Til sist er den individuelle tolkinga av eit musikkuttrykk, både frå utøvarens og tilhøyrarens side, unik og konstruert gjennom ein vev av ulike kontekstar, assosiasjonar og kjensler.⁶

⁴ I luthersk tradisjon vart det i ein kyrkjekonsert i Volsdalen kirke, Ålesund, i desember 2013, framført salmetekstar av Brorson, Welander og Sande til melodiar frå populærsongar av Sting og Lars Lillo-Stenberg m.fl.

⁵ Fabian Holt (2007) skriv: «There are genres of music and music between genres, but not music without genre.»

⁶ I den hermeneutiske diskursen skriv Hans-Georg Gadamer (1960) om korleis vi tolkar ut frå ulike *meiningshorisontar* og fordommar. Slik sett er det å møte eit kunstverk eller estetisk uttrykk eit møte med seg sjølv.

Programmet vårt

I programmet på elleve salmar er det seks som har fått egne gjennomkomponerte arrangement. Satsane til Sverre Volle er harmoniserte i romantisk stil med klår påverknad frå den «lindemanske» stilen, men òg med mange innslag av meir moderne tonespråk. I forspelet til salmen *Høyr kor kyrkjeklokka lokkar* tek Volle utgangspunkt i klangen frå klokka i Volda kyrkje, som skal inkorporerast i arrangementet. Også Henrik Ødegaard sin sats over *Gud signe vårt folk der dei sigler og ror* er gjennomkomponert, men med ein meir spartansk, modal stil som ligg nært opp til harmonikken i mange av dei liturgisk-estetiske salmane av til dømes Hovland og Kverno. Arrangementet er bygd opp med tydeleg programmatisk refereranse til teksten om båt og sjø (sjå Ketil Grøttings tekst på neste side).

Vi har teke med to melodiar som ikkje er folketonar. Desse er komponerte av Kine Hellebust og Trond Kverno, som kan seiast å vere frå kvar si ende av skalaen i høve spenningane mellom den folkelege tradisjonen og den liturgisk-estetiske. Men begge desse melodiane kan skildrast som både enkle og folkelege i uttrykk, og dei er valde nettopp fordi dei har idiomatiske trekk som ligg nært opp til folketonane.

Konserten – frå songarens ståstad

KETIL GRØTTING

Det musikalske uttrykket har songaren – på si side, og med sin reint fysiske ståstad, oppgåva med å få fram, men òg med å oppfatte. Songaren går inn i toneartane, akkompagnementet, tonegangane i melodiane og teksten, og kjenner kva «dåm» så å seie kvar salme gjev. Som songar har eg den heilt særprega moglegheita til å forandre instrumentet mitt gjennom mi kroppshaldning. Korleis muskulatur i ansikt og kropp blir brukt, påverkar klangromma i kroppen. Å skifte mellom ulike kjensler går til overmål unna på ein blunk og er noko eg ikkje sjølv kan ha heilt kontroll på. Eg må ha kontakt med kjenslene mine og sidan stole på at kroppen min gjer jobben. Ordet ståstad kan dermed seiast å peike på to ting som har gjensidig påverknad: Haldninga – korleis ein står, og sjela – kvar ein «er», mentalt.

For dette programmet med så ulike salmar var det ei glede i å vere lydør for sin ståstad. Ved forventninga om å skulle synge, stiller kroppen seg inn på ein særskild måte. Eg kjenner teksten, eg har kanskje ei personleg historie rundt nokre av salmane, minne, og bilete. Den fysiske ståstaden kan ikkje skiljast frå den indre, mentale ståstaden, korleis ein står er òg i samband med kvar ein mentalt står. No skal desse bileta møte situasjonen her og no, der kvar salme har sitt arrangement, si orkestrering og si løysing.

To eksempel: Sverre Volles arrangement av *No koma Guds englar* er i D-dur, og startar med vennlege pianoakkordar i forsiktig krins rundt det tonale senter D. Eg startar: «No koma Guds englar med helsing i sky, Guds fred og velsigning dei bjoda» – melodien er rimeleg rask, går i åttandedeler trinnvis opp og ned rundt grunntonen, opp mot tersen og litt til, og ned til seksten to tonar under grunntonen. Rytmen kjennest barokk og glad, tonearten er som sagt den lyse D-dur, triumfens og sigerens toneart i barokken. Rita Steblin (1996: 124) kallar han «The key of triumph, of Hallelujahs, of war-cries, of victory-rejoicing.» Men i denne salmen er det kanskje gjetarane på marka som går glade og menneskelege kring Betlehems trakter og fortel om kva som er hendt. Med oss på laget har vi fløyta – eit utprega pastoralt instrument. Skulle vi hatt englekor eller profetisk tale ville snarare trompet og pauke vore valde til instrumentasjon.

Ei heilt anna stemning gjev ein fundamentalt anna ståstad i Henrik Ødegaards arrangement av *Gud signe vårt folk der dei sigler og ror*. Pianoforspel med bass gjev eit landskap av modale klangar, her er akkordane stilte inn for å gje eit bilete av ei urolig rørsle. Forspelet er langt og skapar ein dåm av lagnad, av noko uavvendeleg. Melodien på den første frasen, «Gud signe vårt folk der dei sigler og ror», er ein molltreklang oppover, forsira med dreietonar i halvtoneavstand frå grunntonen og kvinten. Berre i løpet av denne første frasen har vi eit tydeleg mollpreg med halvtonar over og under melodien, som rammar inn. Det er dette eg tenkjer på i det eg startar: eg er inne i eit dramatisk landskap, noko uavvendeleg, uroleg. Eg skal synge ein melodi der kvinten er hamra inn og forsira med halvtonar. Det er roleg i meg, midt i den musikalske dramatikken, eg står godt planta på dekk, midt på kyrkjegolv. Dette er assosiasjonar, tankar som skapar gjenklang i kroppen min. Stemma vert større og fastare – om eg har vore ein glad og lett gjetar tidlegare i konserten er eg no eit stykke malm som står imot stormen.

Litteratur

- Apeland, S. (2005). Kyrkjemusikkdiskursen. Norsk kyrkjemusikk som kulturell praksis. PhD-avhandling. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Aschim, A. (2008). *Ein betre vår ein gong. Elias Blix*. Oslo: Samlaget.
- Aure, A. (1924). *Prestar som talar nynorsk. Stutte livssogor med ei innleiding um norsk maal i kyrkja*. Risør: Erik Gunleikson
- Eeg, S. (1946). Underholdning eller oppbyggelse. I: *Concordia* nr. 4, oktober 1946.
- Engeset, J. K. (2002). *Anders Hovden. Diktarprest og folketal*. Oslo: Samlaget.
- Gadamer, H.-G. (1960). *Wahrheit und Methode. Grundzüge einer philosophischen Hermeneutik*. Tübingen: Mohr.
- Halse, P. (2007). Profet på heimstaden? Nokre sider or saga om Johannes Barstad og prestedida hans i Volda. I: *Voldaminne* (s. 61-72). Volda: Volda Sogelag.
- Halse, P. (2009). *Gudsord og folkemål. Framveksten av nynorsk kyrkjespråk 1859-1908*. PhD-avhandling. Oslo: Unipub.
- Halse, P. (2011). *Gudsord og folkespråk. Då nynorsk vart kyrkjemål*. Trondheim: Tapir.
- Holt, F. (2007). *Genre in Popular Music*. Chicago: University of Chicago Press.
- Lunde, S. (1951). Toner og tonedrakt i kirke og kirkeliv. *Concordia* nr. 1, februar 1951.
- Løvlie, B. (2007). *Kor mykje stort ... Matias Orheim. Hans bidrag til vestnorsk kultur- og kristenliv*. Trondheim: Tapir.
- Runde, O. S. (2008). *Bernt Støylen. Ein biografi*. Oslo: Samlaget.
- Sellevold, K. G. (1993). *La oss spille og leke for Herren. Sangen og musikken i gudstjenesten*. Oslo: Verbum.
- Steblin, R. (1996). *A History of Key Characteristics in the Eighteenth and Early Nineteenth Centuries*. Rochester: University of Rochester Press.
- Sørbø, J. I. (1994). *Essay om teologi og litteratur*. Oslo: Samlaget.
- Sørbø, J. I. (2004). *Frå gamle fjell til magma. Linjer i nynorsk lyrikk*. Oslo: Samlaget.
- Økland, E. (1995). Brukskunst. I: *Elias Blix' beste* (s. 5-7). Oslo: Samlaget.

«Me syngja skal den nye song»

Fornorskinga av salmeskatten

**Språkårskveld i ord og tonar
Volda kyrkje 23.09.2013**

**Medverkande:
Per Halse
Anders Aschim
Jan Inge Sørbø
Birger Løvlie
Ketil Grøtting
Elizabeth Oltedal
Henny Koppen
Svein Hunnes**

Høyr kor kyrkjeklokka lokkar (NoS 575)

Tekst: Anders Hovden 1911; mel.: folketone frå Skjeberg (Østfold); arr.: Sverre Volle 2013

1 - Solo

Høyr kor kyrkjeklokka lokkar
med ein høg og heilag klang
alle folk og alle flokkar
til ein hugsam kyrkjegang!
Sysken, lat oss kallet fylgje
over berg og over bylgje,
lat oss gå på kyrkjeveg
glade både du og eg!

2 - Solo

Her har farne ætter funne
hjardefred og sælebot.
Her har livsens kjelde runne
friskande om hjarterot.
Tårnet høgt mot himlen peikar,
der på himmelstigen leikar
gode englar til og frå
mellom jord og himmel blå.

3 - Solo

«Om ei mor enn barnet gløymer,
deg eg aldri gløyme kan,
ved min barm eg trygt deg gøymer,
hjarteblodet for deg rann!
Ottast ikkje, ver du tolen,
sjølv eg sit med styrevolen,
liv og lagnad styrer eg,
tru på Gud og tru på meg!»

4 - Allsong

Høyr kor kyrkjeklokka lokkar,
det er sundags høge ro,
våre sorger bort seg tokkar,
våre sjelesår skal gro.
Ja, eg gløymer all mi møde,
Jesus vil mitt hjarta grøde,
ved hans barm der er min stad,
sterk han gjer meg, sterk og glad

Velkomstord

PER HALSE

Kjære alle saman! Hjar-teleg velkomne til denne kveldsstunda i Voldskyrkja. «Her har farne ætter funne / hjar-tefred og sælebot. / Her har livsens kjelde runne / friskande om hjar-terot». Men i lange tider vart det nytta eit språk i kyrkja som mange oppfatta framandt og lite friskt. For godt over hundre år sidan, på nyåret i 1901, gjorde kyrkjelyden her i Volda eit vedtak som opna for at salmar på nynorsk kunne takast i bruk. Det var alt anna enn sjølv-sagt den gongen, og den lokale diktaren Ola Fylsvik (1833–1908) vart så glad at han skreiv eit takkekvad. Til opning vil eg sitere eit par av versa frå det diktet:

Takk Aasen og Vinje, dei Hovdingar gilde,
som samla ei Fylking av Maalmenner snilde!
For no fær me lesa det livande Orde,
som Federne vaare hev snakka kring Borde.

So godt kann det brukast i Tingsal og Kyrkja,
og godt kann det brukast i Høgtid og Yrkja.
So godt kann det brukast til Salmar og Preikor,
og godt kann det brukast i Likferd og Leikor.

Men Maale, som Mor hev oss lært att med Vogga,
det Maale fær Graaten til saktna og stogga.
Det Maale er godt nokk, naar Guds-frygt er inne,
det Maale kann bløyta det hardaste Sinne.

Ikkje berre i kyrkjelege krinsar, men i heile det norske samfunnet har dikt og songar hatt svært mykje å seie for omdømet åt og spreinga av nynorsk. Det er ei kjend sak at tekster med rim, rytme og melodiar ofte talar sterkare til kjenslene enn vanleg sakprosa. Så vart også salmesongen ein viktig døropnar for nynorsk som kyrkje- og kulturspråk.

I Språkåret 2013 har me ved høgskulen funne det naturleg å vie eitt av arrangementa under Forskingsdagane til dette temaet, og eg er takksam for samarbeidet både med fagfolka som tek del frå ulike avdelingar og for samarbeidet med Volda og Ørsta kyrkjeakademi om denne salmekvelden. Me tek til med føregangsmannen Elias Blix, og konsentrerer oss deretter om tidlege og viktige salmediktarar her frå Nordvestlandet.

Anders Aschim vil fortelje om Blix, Jan Inge Sørbo om Bernt Støylen, Birger Løvlie om Matias Orheim og underteikna om Johannes Barstad og Anders Hovden. Når det gjeld melodiane, så har Elizabeth Oltedal, Henny Koppen, Ketil Grøtting og Svein Hunnes frå musikkseksjonen funne fram mange folketonar – både velkjende og mindre kjende.

Me vil særleg takke Sverre Volle som har skrive tre arrangement spesielt for denne salmekvelden. Elles har gruppa av musikarar sjølve tilpassa eksisterande arrangement til instrumenta og røystene dei tek del med. Då er det berre å fylgje med i tekstheftet. Denne salmekvelden er nemleg ein dugnad – som også de i benkane er ein viktig del av, og før kollega og Blix-biograf Anders Aschim får ordet, skal me saman glede oss med den vakre julesongen «No koma Guds englar med helsing i sky».

No koma Guds englar med helsing i sky (NoS 63)

Tekst: Elias Blix 1870/1875; mel.: folketone frå Jostedal; arr.: Sverre Volle 2013

1 - Solo

No koma Guds englar med helsing i sky,
Guds fred og velsigning dei bjoda.
No stig ifrå jordi ein helgasong ny
som skal gjennom himmelen ljoda:
Guds fred og vel møtt,
du barn som er født!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!

4 - Solo

Der ute er jordi så isende kald,
og trei stend svarte i skogen.
Men Isai stuv, som til frelsa er vald,
skyt livskvisten fager og mogen.
Guds fred med den tein
av grønkende grein!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!

5 - Solo

No stjerna frå Betlehem lyser om land
frå høgshal til armaste hytta.
Det ljosnar så vent over dalar og strand
der inn hennar strålar få glytta.
Guds fred over mold!
Vår sol og vårt skjold,
vår fredsfyrste høgt vere lova!

7 - Allsong

Lat gjetordet ganga frå grend og til grend,
så vide som tunga kan mæla,
om Sonen som er oss frå himmelen send
all verdi til siger og sæla!
Syng ut i kvar bygd:
Guds fred ifrå høggd!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!

8 - Allsong

Den freden meg fylgje frå vogga til grav,
meg hugge i såraste suter!
Så seier eg når eg frå verdi fer av
og døyande hovudet luter:
Guds fred og farvel!
No sovnar eg sæl.
Vår fredsfyrste høgt vere lova!

Elias Blix (1836 – 1902)

ANDERS ASCHIM

1869 er undervurdert som merkeår i norsk kyrkjeehistorie. Dette året fekk presten Magnus Brostrup Landstad endeleg godkjent utkastet til «Kirkesalmebog» som han hadde arbeidd med i 17 år. For første gong fekk norske kyrkjelydar høve til å nytte ei salmebok utarbeidd i Noreg og med betydelege bidrag frå norske diktarar – ikkje minst frå Landstad sjølv. Alternativa var både gamle og danske: Kingos salmebok frå 1699, Guldbergs frå 1778 og «Evangelisk-christelig Psalmebog» frå 1798.

Medan det var mykje merksemd og offentleg debatt rundt Landstad sitt salmebokprosjekt, var det nesten stilt rundt ei anna utgiving frå 1869. Til påske gav det nystarta «Norske Samlag» ut eit tynt lite hefte på 32 sider dårleg papir. «Nokre Salmar, gamle og nye», stod det på tittelbladet. Det var alt. Ikkje noko forfattarnamn, dikteren var anonym. Han blei forresten helst omtala som «omsetjar»; dei fleste salmane var gjendikningar frå tysk eller dansk.

Aasmund Olavson Vinje hadde lenge interessert seg for salmeboksaka og skrive positivt om Landstad. Like fullt hadde Vinje og mange andre innvendingar mot fornorskingsstrategien hans. I arbeidet for eit norsk skriftspråk representerer Landstad den kyrkjelege versjonen av programmet til Knud Knudsen, det vi i ettertid kan kalle bokmålsinja. Den gjekk ut på å ta utgangspunkt i korleis danna norske bybuarar snakka dansk, og så innarbeide norske lydar og norske ord litt etter litt. Men, måtte Vinje medgi, «... so er der likevel nokot i det, at Norske Ord og Vendingar her og der inne i desse Salmer i Bokmaalet ikke altid laata godt; og om Lanstad [SIC] er ein smakfull Mann, so er det endaa so, at desse Norske Ord der tidt koma som Haar i Smør. I Vers kjenner du best, at det anten maa vera reint Bokmaal eller reint Norsk. Denne Millomting og dette Blandingsgoods er umusikalsk og umogeleg. Der gjelder det framfor Alt, at taka Stiget fullt ut og koma over i den andre Toneart.» Eg skuldar å gjere merksam på at «bokmål» i Vinjes tekst rett og slett tyder «dansk».

Da var det annleis med «Nokre Salmar». Språkforma her var den landsmålsnorma som Ivar Aasen hadde utvikla gjennom årelangt lingvistisk og filologisk arbeid, men som enno var mest utan litteratur – det språklege programmet vi i ettertid kallar «nynorsk». Visjonen til Aasen var eit fullnorsk skriftspråk som kunne nyttast i alle slags tekstar. Sjølv meinte Aasen at det religiøse området burde vente til sist; konservatismen ville hengje lengst att her.

Men kvalitetane i dei nye nynorske salmane var overtydande. «Det er med faa Ord eit utrulegt godt Arbeid», skreiv Vinje i sitt høgst spesielle vekeblad «Dølen», «og eg skulde taka myket imiste, om ikke dette er ei Vendeboek i vaart theologiske Bokrike.» Det skulle snart vise seg at det var Vinje, og ikkje Aasen, som såg rett når det gjaldt landsmål og religion. Alt i 1870 kom eit nytt hefte av *Nokre Salmar*. I 1875 kom hefte 3. No hadde opphavsmannen funne forma si. 1875-heftet er ein veritabel hitparade. Det inneheld både «No koma Guds englar» og «Med Jesus vil eg fara». I 1883 kom ei ny samla utgåve av «Nokre Salmar». Men dikteren – vi må kalle han det no, det er fleire originaltekstar enn gjendikningar – var framleis anonym.

Først som statsråd blei Elias Blix salmediktar. I 1884-utgåva av Seips visebok står forfattarnamnet «Blix» under fire salmetekstar. Da har det lenge vore ein offentleg løyndom kven forfattaren er: Kyrkjestatsråden i Johan Sverdrups regjering, det første parlamentariske

ministerium i Noreg. Alt i 1892 blei fjerde utgåva av «Nokre Salmar», som kom ut året før, tillate nytta som salmeboktillegg i norske kyrkjelydar. No hadde boka vakse til ei fullstendig nynorsk kyrkjesalmebok med 150 salmar for kvar sun- og heilagdag i kyrkjeåret.

Biografien til Elias Blix (1836-1902) har eg skrive bok om (Aschim, 2008), så eg tenkte ikkje seie stort her om livet til fiskarbondesonen frå utkanten som blei lærar, bondestudent, professor og politkar i hovudstaden – i tillegg til å vere pioneren framfor nokon innan nynorsk salmesong og kyrkjespråk.

Derimot kan det vere verd å reflektere over kva som gav desse salmane slikt gjennomslag, og kva som gjer at vi framleis finn det meiningsfullt å syngje desse snart 150 år gamle tekstane. Eg vil dra fram tre ting.

For det første handlar det om eit tett forhold til Bibelen. Alle salmedikttrar nyttar bibelske bilde, ord og vendingar, men ikkje mange gjer det så konsekvent og så elegant som Elias Blix. Det finst mest ikkje ei linje i «No koma Guds englar» som ikkje inneheld eit vink til ein bibeltekst. Og det er slett ikkje berre juleevangeliet det handlar om, her set han til dømes store delar av boka til profeten Jesaja i spel.

For det andre handlar det om eit tett forhold til naturen. Det er lett å kjenne seg att i landskapet i Blix-salmane. Kombinert med bibelnærleiken gir dette ein heilt spesiell effekt. «Ein båt i stormen duva, men Jesus var om bord» begynner som ei enkel gjenforteljing av ein evangelietekst. Men alt i neste linje skjer det noko: «Hans læresveinar gruva då båra braut på fjord». Med eitt er evangelieforteljinga transformert frå Midtausten og Gennesaretsjøen og rett inn i ein norsk kystfiskarkvardag.

For det tredje er det noko med forma. Blix juksar aldri med rim og rytme. Einar Økland har sett presise ord på dette: «Og alle dikta var så rike på vellyd: Melodiske vokalskifte, snertne oppatt-takingar, aksentuerande inversjonar, tungevennlege bokstavrim, gode enderim. Det heile gir ei estetisk glede og ei kjensle av meining og trygg visse. Når ein går på den smale veg i Blix sine ordleggingar, kjennest det som å gå i eit par gode sko» (Økland, 1995: 6).

Som å gå i eit par gode sko. Det er fint og presist sagt. For eiga rekning plar eg leggje til: Eg trur òg det handlar om å gå i eit par sko som er passeleg store. Kyrkja har lett for å bruke ord som er nokre nummer for store til at mange av oss finn det komfortabelt å ta dei i munnen. Hos Blix finn vi ord som er passeleg store, som vi kan smake på, ta i munnen og bruke som våre egne. Det er slikt ein har salmar til.

Ein båt i stormen duva (NoS 470)

Tekst: Elias Blix 1891; musikk: Kine Hellebust 2001

1 - Solo

Ein båt i stormen duva,
men Jesus var om bord.
Hans læresveinar gruva
då båra braut på fjord.
Men sjå, då Jesus vakna
og truga storm og hav,
då vind og våger spakna,
og vêret stilna av.

2 - Solo

Vår Gud kan under verka,
veit råd i rette tid.
Det skal kvar kristen merka
i livsens storm og strid.
Så tarv me aldri klaga
når han er med om bord.
Han vind og våg kan aga
og stilla med eit ord.

3 - Allsong

Når Jesus vil oss fylgja,
då fer me fram så trygt
vår lei på livsens bylgja,
om òg det stormar stygt.
Igjenom brim og båra
hans røyst me høyra kan,
som vêret opp kan klåra
og lysa oss i land.

4 - Allsong

Og når frå denne verdi
me venda skal vår stamn,
fyllg, Jesus, med på ferdi,
og før oss vel i hamn!
Du vegen veit og måten,
du kjenner mål og méd.
Når du er med på båten,
då fer me heim i fred!

Med Jesus vil eg fara (NoS 418)

*Tekst: Elias Blix 1875; mel.: Antwerpen 1540/folketone frå Sunnmøre;
arr.: Eyvind Alnæs 1927*

1 - Solo

Med Jesus vil eg fara
på livsens ferd i lag.
Gud, lat den samferd vara
alt til min døyand dag!
Det er mi høgste æra,
det er mi største ros,
hans fylgjesvein å vera
og vandra i hans ljøs.

2 - Allsong

Min Jesus, sannings stjerna,
lys opp min mørke veg!
Mitt hjarta vil så gjerna
få fylgja etter deg.
Du lyser enn i verdi
som før frå Betlehem.
Ver du mitt ljøs på ferdi,
til heim med deg eg kjem!

3 - Allsong

Min Jesus, gjævast givnad,
min eignalut og skatt!
I all min gang og livnad
meg støtt for auga statt!
Som vesle blomen trugen
ser opp mot sol og dag,
til deg så vender hugen,
til deg kvart andedrag.

4 - Solo

Min Jesus, Sarons lilja,
bløm fagert opp i meg!
Lat ingen ting meg skilja
og riva bort frå deg!
Du vintre i Guds hage,
min kjære Herre Krist,
unn også meg den lage
å veksa som din kvist!

5 - Allsong

Du til di grein meg sette
alt i min fyrste vår,
med livsens dogg meg vætte,
gav sol og signa år.
Du vil og vokster gjeva
alt til min siste slutt:
lat meg i deg få leva,
i deg få anda ut!

Johannes Barstad (1857 – 1931)

PER HALSE

Johannes Barstad var bondesonen her frå Volda som vart prest i heimbygda gjennom ein mannsalder. Mora var av Aarflotane på Ekset og faren var frå Barstad i Follestaddalen (så han ætta altså frå Ørsta på begge sider – utan at eg treng gjere noko nummer av det ...).

Heilt frå ungdomen forma Johannes tankar og stemningar til dikt og songar. I papira etter han finst ei kladdebok med tittelen *Digte II* frå studietida og dei fyrste kandidat- og presteåra. Ho inneheld nærare sytti dikt, og særleg mange av dei er frå åra kring 1880 – då Johannes var ung student i Kristiania. Det er ymse høvesdikt, kjærleiksdikt, tankar om heimen, naturen og religionen. I vår samanheng er det interessant at alle desse ungdomsdikta er forma på det tradisjonelle, danske bokspråket. Det gjeld til og med helsinga til syskenbarnet Synnøve Aarflot då ho gifta seg med den markerte målmannen Per Riste i 1881.

Etter fem år utan noka innføring finn me til slutt i heftet den einaste teksta på landsmål. Ho er skriven i august 1890 til poesiboka hennar Mathilde Gleditsch. Ho var dotter til den gamle soknepresten i Volda, og syskenflokket hadde på få år mist begge foreldra. Barstad sine strofer til minneboka skildrar ei jente som er lei seg, men som oppdagar ei glad og kvitrande erle. Ho lurar på om det er mange vener eller rikdom på gilde ting som gjer fuglen så nøgd. Men då får ho til svar: «'Nei – eg er under Gud sitt tak, / der gjeng eg glad tilbords, / å verja meg er Gud si sak, / og tidi renn so mildt imak', / tok vesle fugl tilords.»

Moralen er at jenta får turke vekk tåra og glede seg over Herrens kjærlege omsut: «[...] skal eg vel gå i suti bøygd, / når han hev til meg handi tøygd / og vil so med meg gå?» Då Barstad skreiv desse linjene, hadde han drive det kristelege målbladet *Stille Stunder* i eitt år. Det vart skipa etter eit prostilærarmøte i Volda i påskeveka 1889. Der var målsaka eit heitt tema, og ikkje minst var mange opptekne av det nære sambandet mellom målstrev og radikale haldningar som gjerne inkluderte fritenkjing med kritikk av kyrkje og kristendom. Barstad vedgjekk i debatten at han hadde vore så oppteken av «det ene fornødne» (nemleg forkynning av evangeliet) at han ikkje hadde vore nokon føregangsmann i målsaka. Men no såg han at for åndsutviklinga åt bygdeungdomen var det avgjerande at dei fekk gode og oppbyggelege tekster på landsmål. Difor tok han til med *Stille Stunder*, og det bladet vart ein viktig reiskap for å byggje ned motsetnaden mellom landsmålet og vekkings-kristendomen.

I *Stille Stunder* sette Barstad om og skreiv etter kvart eigne salmar på nynorsk. Han prenta ofte tekster av andre landsmålsforfattarar, og han agiterte i bladet for bruk av Blix-salmane – i fyrste omgang til skulebruk. Johannes Barstad var nemleg ikkje ein som ville buse på i målarbeidet, men i staden fremje «den stille støde Vokstren». Denne vokstren syntest han vart fremja på ein framifrå måte med målsalmar i folkeskulen. Difor vende han seg særskilt til lærarstanden med sterke oppmodingar om å syngje målet inn i barnehjarta (t.d. i *Stille Stunder* nr. 4 og nr. 22 i 1898).

Barstad visste at mange lærarar var føregangsmenn, og han var klar over at dei geistlege trong meir tid på å venje seg til det nye. Ein artikkel om Blix-salmane i 1897 avslutta han slik: «Det sig og sig. Drope fyr Drope skal du sjaa det tilmed sig inn hjaa oss Prestom, og daa er myke vunne» (nr. 9/1897).

Som nemnt var Johannes Barstad ikkje av dei raskaste sjølv heller. Som kapellan her i Volda tok han tidleg til å nytte heimemålet i soknebod, bibellesingar, konfirmantførebuing og liknande, men fyrst frå 1907 brukte han nynorsk som preikemål også i gudstenestene. Deretter gjekk det ikkje mange åra før heile liturgien var på målet, og då klaga han i eit brev til Peter Hognestad over at den nynorske gudstenesteboka berre hadde kome i eit lite salmebokformat: «... for eit meinbekse, at me berre skal hava den finstilte vesle utgåva! Eg som må bruka brillor til so fin skrift finn dette mødesamt, og eg tykkjer det samstavar lite med jamstellingi av dei 2 måli» (Barstad til Hognestad 11.6.1914).

Her ser me at han har vorte indignert over manglande rettferd for nynorsken, og utsegna kan sjåast som ein parallell til dei mange seinare utspel og aksjonar t.d. frå elevmållaga om lærebøker i begge målformer til same kvalitet, tid og pris.

Gjennom åra kom det svært mange salmar og kristelege songar frå Barstad – både omsette og originale. Alt heldt naturleg nok ikkje same kvaliteten, og mykje av Barstad-produksjonen som vart vurdert då dei laga *Nynorsk salmebok* fekk ikkje plass der: « – ein kann daa kje setja vedasledar millom møblarne i bestestova!» – skreiv Anders Hovden til Bernt Støylen om dette hausten 1924.

I 1890-åra laga i alle fall Barstad nokre tekster som vart svært omtykte og som framleis har ein sjølvsgd plass i salmebøkene. Det gjeld pasjonssalmen «Stille, stille, Jesus lider» og den vakre skildringa av skaparverket som me no skal syngje. «Eg ser deg Gud, i kvar den blom som tirer» er ei ven og varleg lovprising av Skaparen. Me kjenner att Vestlands-naturen i omtalen av skumande fossar og snøkrynte tindar, og i alt det yrande livet ser songaren Herren som kjærleg fader i ein fager heim.

Eg ser deg, Gud, i kvar den blom som turer (NoS 287/256)

Tekst: Johannes Barstad 1899; mel.: Trond Kverno 1975

1 - Solo

Eg ser deg, Gud, i kvar den blom som turer
i fagre fargar mellom stein og strå,
som alle opp mot sol og himmel sturer
med bjarte smil som barneaugo små.

2 - Solo

Eg ser deg, Gud, i kvar den bekk som
skumar
i kvite fossar mellom knaus og koll
og kler i brudeskaut den unge sumar
og syng sitt liv utover vang og voll.

3 - Allsong

Eg ser deg, Gud, i kvar den tind som syner
eit bilete av din stordom og din glans,
når soli honom med sin gullkrans kryner,
og snøen bind av sylv sin glitrekrans.

4 - Solo

Eg ser deg, Gud, i kvar den sky som rodar
så reint og høgt i friske morgonstund,
og i det gull som eg i kvelden skodar,
når dagen trøytnar mot sitt kvilemund.

6 - Allsong

Eg ser deg, Gud, og i mitt auga skjelver
ei gledetåre, for du har oss kjær
og over oss så fager himmel kvelver
og gav til heim oss slik ei fager verd

Bernt Støylen (1858 – 1937)

JAN INGE SØRBØ

Bernt Støylen frå Kvamsøy på Søre Sunnmøre er kanskje ikkje den mest kjende, men ein av dei viktigaste i den nynorske salmetradisjonen. På vegen frå Støylengarden på Kvamsøy til professorstilling ved Det praktisk-teologiske seminar og bispestol i Agder var han også innom Volda Høiere Almen- og Lærerskole på 1870-talet. Han gav ut barnerim og songbøker, før han leidde arbeidet med Nynorsk salmebok, som vart ferdig i 1925. Der hadde han 62 originale salmar og 139 omsetjingar. I Norsk salmebok er det berre 20 att av originalsalmane, men over 50 omsetjingar. Han gjendiktar kjernestoffet i salmetradisjonen, frå Ambrosius sin *Folkefrelsar til oss kom*, over Luthersalmane og til Brorson og Grundtvig, og han gjer det påliteleg, mjukt og poetisk. Gjendiktinga av den store europeiske salmetradisjonen til nynorsk har dimensjonar som kan minna om Kingo og Grundtvigs salmebøker. *Kyrkja den er eit gammalt hus* blir nesten betre hos Støylen enn hos Grundtvig, og salmen blir heilt norsk. Av eit gammalt tysk førelegg skapte han *Eg veit i himmerik ei borg*, som alle kjenner og er glad i. Av originalsalmane hans er nok mange gløynde, men alle kjenner bordverset *Gud signe maten på vårt bord* og konfirmasjonssalmen *Ditt barn eg no vil vera*. Og han skreiv den beste kystsalmen etter Petter Dass: *Gud signe vårt folk der dei sigler og ror*. Her blir det vestlandske sjølivet til eit bilde på sjølve det skjøre og utsette i menneskeleg eksistens, med berre «ei fjøl mellom seg og si grav». Kystlandskapet blir bilde på livsferda, som hos Blix. Når vi syng den, og «Eg veit i himmerik ei borg», så legg merke til kor mjukt og musikalsk han skriv, denne blyge salmeisten frå ytre Søre.

Gud signe vårt folk der dei sigler og ror (NoS 753)

Tekst: Bernt Støylen 1921; mel.: folketone frå Setesdal; arr.: Henrik Ødegaard 1988

1 - Solo

Gud signe vårt folk der dei sigler og ror
og blåmyri pløyer i sud og i nord.
Di hand må dei vara
som ute skal fara!
Dei strevar og balar på skip og i båt,
Gud vere i storm og i stilla attåt.

2 - Solo

Sitt levebrød har dei på brusande hav,
med berre ei fjøl mellom seg og si grav.
I stormvêr og fåre
forkomne og klåre,
dei har ikkje mykje å tryggja seg til.
Gud Fader, du styrkja og trøysta dei vil!

3 - Solo

Når bårene bryt over holmar og skjer
og stormen og straumen mot fallgarden
ber,
du båten må venda
og berging dei senda,
så leii dei finn mellom fluer og fall,
og inn gjennom skjergarden kjem dit dei
skal!

4 - Solo

Men lid det mot kvelden og natti kjem på
og brotsjøen veks og vil over dei slå,
Gud hjelp dei i nåde
og frels dei frå våde,
ver lyset i mørkret og styr deira stamn,
og før deira båt til den fredfulle hamn!

5 - Solo

Gud frelse vårt folk frå det stormande hav,
der mange av våre har funne si grav.
Til havs har dei fare,
så fager ein skare,
dei kviler der ute, men vaknar ein gong
og stemner frå havet til himlen med song.

6 - Allsong

Gud gjeve oss alle det landet å nå,
der me våre kjære skal atter få sjå.
Gud såg kvar dei kvilde,
han samlar dei skilde
og aldri me meir skal til havs leggja ut,
for havet og døden for evig er slutt.

Eg veit i himmerik ei borg (NoS 843)

Tekst: tysk, før 1600; oms.: Bernt Støylen 1905; mel.: folketone frå Hallingdal

1 - Allsong

Eg veit i himmerik ei borg,
ho skin som soli klåre,
der er kje synder eller sorg,
der er kje gråt og tåre.

2 - Solo

Der inne bur Guds eigen Son
i herlegdom og æra,
han er mi trøyst og trygge von,
hjá honom eg skal vera.

3 - Allsong

Eg er ein fattig ferdamann,
må mine vegar fara
herfrå og til mitt fedreland,
Gud, meg på vegen vara!

4 - Kristus (solo)

Eg med mitt blod deg dyrt har løyst,
eg inn til deg vil treda,
og gjeva hjarta mod og trøyst
og venda sorg til gleda.

5 - Kristus (solo)

Er du meg tru og bruka vil
Guds ord og sakramente,
di synd er gløymd, di sorg vert still,
di heimferd glad du vente!

6 - Kristus (solo)

Når verdi all som drivesand
med gull og gleda viker,
då stend eg ved di høgre hand,
ein ven som aldri sviker.

7 - Kyrkjelyden (allsong)

Eg fattig hit til verdi kom
og rann av ringe røter,
fer herifrå med handi tom,
og dødens vald meg møter.

8 - Kyrkjelyden (allsong)

Men visst eg veit ein morgon renn
då dødens natt skal enda.
Min lekam opp or gravi stend
og evig fryd får kjenna.

9 - Kyrkjelyden (allsong)

Så hjelp oss du, vår Herre Krist,
ditt blod for oss har runne:
Din beiske død har sant og visst
oss himmelriket vunne.

10 - Kyrkjelyden (allsong)

Me takkar deg til evig tid,
Gud Fader, alle saman,
for du er oss så mild og blid
i Jesus Kristus! Amen.

Anders Hovden (1860 – 1943)

PER HALSE

Johannes Barstad, Bernt Støylen og Anders Hovden var ganske jamgamle, og dei kom til å ha mykje med kvarandre å gjere. Rundt 1880 kom dei med i den veksande flokken av bondestudentar i Kristiania. Med hjelp frå slektningar og velgjerarar som Ivar Aasen kjempa dei seg fram til embetseksamen, lærarjobbar og etter kvart prestekall.

Anders Hovden, fiskarbondesonen frå Aasens heimbygd, vart tidleg gripen av målsaka. I ungdomen hadde han kontakt med vekkingsrørsla på Vestlandet, men han tok snart avstand frå den pietistiske livsstilen. Hovden vart kjend som ein frisk folketalar og som prest ikkje minst for målfolket og den frilynde ungdomsrørsla. Han var på mange måtar radikal, og også i bruk av målet var han meir konsekvent og mindre kompromissviljug enn venene Barstad og Støylen.

Anders Hovden vart ordinert til prest hausten 1891 og tok då til som kapellan på Lista. Både der og som stiftskapellan i Kristiania bispedøme kring hundreårsskiftet, tala han stundom på målet. Dei fleste fann seg i det, men slett ikkje alle. På nyåret 1899 prenta *Kristiania Dagsavis* denne redaksjonelle notisen:

Stiftskapellan i Kristiania Stift, Forfatteren Anders Hovden, holder nu af og til sine Prædikener paa Landsmaal. Saaledes ogsaa forleden Søndag i Soons Hovedkirke. En af Bygdens mest formuende Mænd blev saa forarget derover, at han gikk ud af Kirken midt under Prækenen. [Hovden har sjølv fortalt i andre kjelder at det var millionæren Fred. Olsen] Hr. Hovden er Søndmøring, saa det er rimeligt, at Menighederne i Kristiania Stift føler sig stødt over fra sin Kirkes Prædikestol at være nødt til at høre Evangeliet forkyndt paa en af de vestlandske Bygders mest udprægede Dialekter.

Veka etter kom det svar frå Hovden i avisa, og der skreiv han m.a.:

Deres Avis omtaler den ubetydelige Hændelse, at en Mand i Vestby forlod Kirken under Prækenen, fordi jeg talte Landsmaal. Og saa tilføies der i Deres Avis at det er ikke ventende, at Østlændinger skal kunne forstaa min Søndmørsdialekt. Dette sidste vil jeg svare paa: Jeg har været mange Aar paa Østlandet og dagligdags altid talt min Dialekt; men jeg har aldrig mærket noget videre til denne Mangel paa forstaaelse. Og alt færre og færre Nordmænd har jeg truffet paa, som er blevne grebne af Panik ved at høre en lidt mere norsk og national Klang og Lyd i Sproget end det sædvanlige.

På dei stadane Hovden seinare vart prest (Krødsherad, Melhus og Toten), brukte han målet konsekvent, og han vart tidleg hylla som “den fyrste presten som alltid preika paa nynorsk” (dedikasjon i Aure, 1924).

Anders Hovden vart tidleg glad i å skrive, og dei fyrste årgangane av *Stille Stunder* har mange songar av han. Utover i 1890-åra mognast han som salmediktar, og frå 1905 gav han ut fleire samlingar. Heller ikkje hjå han har alt same kvaliteten, men mykje har synt seg slitesterkt. Det er tekster som knyter kristendomen til naturen og folket som i «Fagert er landet» og fleire andre med vekt på Guds velgjerning og gledebodet i evangeliet:

Om syndi og verdi til fall vil oss drive,
or Frelsarens hender oss ingen kan rive.
Om dauden, den gramme, på dørstokken stender,
me kjenner oss trygge i Frelsarens hender.

Me skal'kje fortapast! Med Jesus me stiger
frå daude til liv, ja til æveleg siger.
Dei stig alt for augo dei herlege strender,
me kjenner oss sæle i Frelsarens hender. (NoS 111).

Tekster av Anders Hovden har fått ramme inn denne salmekvelden. Me opna med «Høyr kor kyrkjeklokka lokkar»; ein vakker song om helgefred og kyrkjegang. I det tredje verset der knyter Hovden Guds omsorg til biletet både av mora og faren: «Om ei mor enn barnet gløymer, deg eg aldri gløyma kan» – og så er det den trygge handa på styrevolen; slik tenkjer eg at Hovden også minstest og æra sin eigen far.

Forholdet til heimen og dei han ætta frå var alltid viktig for han. På ei togreise vart han ein gong konfrontert av ein medpassasjer: «Jeg har det bestemte inntrykk, Anders Hovden, at målsaken er religion for Dem?» «Heilt rett», skal Hovden ha svara, «Det fjerde bod hev alltid vore religion for meg». Dette er eit uttrykk for korleis han ville ære foreldra sine; målet deira skulle slett ikkje vere for simpelt – heller ikkje for dei høge og heilage emna.

Som fleire andre store salmediktarar gjorde Ander Hovden ein svær innsats også som omsetjar eller gjendiktar. Arbeidet fram mot *Nynorsk Salmebok* 1925 er nok best kjent i så måte, men han omsette også mange åndelege songar frå bedehustradisjonen til den kristelege *Sangboken* som kom nokre få år seinare. Utgjevarane var klare over at den frilynde og fritt-talande presten ikkje hadde ei like høg stjerne hjå mange av dei som sokna til meir pietistisk vekkingskristendom; så han måtte faktisk gå med på at det ikkje skulle gjerast kjent kven som stod bak omsetjingane. Det vitnar om romsleg hjartelag at han let *Sangboken* operere med anonym omsetjar. Frå og med utgåva i 1940 er namnet hans med i boka.

Ei av tekstene Hovden omsette til *Sangboken* var av den rogalandske vekkingspresten, politikaren og avismannen Lars Oftedal. I 1892 hadde han skrive ein song som tok til slik:

Hvem kan sige ud den lykke / at faa være Jesu ven, / gaa med Friheds brudesmykke /
hjem til Gud i himmelen. / O, hvor saligt, o hvor saligt / at faa være Jesu ven.

Og det fjerde av i alt sju vers lydte slik:

Han mig toet ren i vandet, / skylte af mig alt mit blod, / største synderen i landet /
salvet han med oljen god. / Og han gav mig, og han gav mig /
dobbelt op for al min synd.

No er det mykje som tyder på at både dei to siste linjene i kvart vers, og dei ringaste versa, var tekne ut allereie før Hovden fekk teksta til omsetjing. I alle fall har me her eit døme på at gjendiktinga kan bli betre enn originalen: «Kven kan seia ut den gleda».

Kven kan seia ut den glede (NoS 377)

Tekst: Lars Oftedal 1892; oms.: Anders Hovden 1927; mel.: folketone frå Setesdal

1 - Solo

Kven kan seia ut den glede
å få vera Kristi brud,
gå med krans og kvite klede
heim til himmelen, til Gud!

2 - Solo

Før eg låg i synd og våde,
tung var all min gang og veg.
Då kom Jesus med sin nåde,
å kor glad han gjorde meg!

3 - Allsong

Ja, den dagen - å for sæle!
Aldri meir eg gløymer den,
då eg høyrde hyrdingmæle,
då eg vart ein Jesu ven!

4 - Allsong

Kven kan seia ut den fagnad
å få høyra Jesus til!
Jesus er mitt liv, min lagnad,
hans eg evig vera vil!

Ved Jesu føter (Sangboken 54)

Tekst: Matias Orheim; mel.: norsk folketone

1 - Allsong

Ved Jesu føter ei stille stund
når orda kjem frå hans eigen munn, –
når eg med Jesus åleine er,
då er det hugnad å leva her.

2 - Allsong

Kvar finst ein fagrare stad på jord!
Kvar høyrest visare sanningsord?
Når eg med Jesus åleine er,
då ynskjer eg ikkje meire her.

3 - Allsong

Her må det tunge og vonde fly,
her vert eg alltid i striden ny,
for eg med Jesus åleine er,
den største løyndom får løysing her.

5 - Allsong

Og snart så kjem ho, den stunda kjær
då eg skal sjå honom slik han er.
Då eg med Jesus i himlen er
og talar med han som aldri her.

Matias Orheim (1884 – 1958)

BIRGER LØVLIE

Matias Orheim kom til verda på Stårheim i 1884, det året Noreg fekk parlamentarisk statsskikk. Dei fleste geistlege var forferda, men demokratiseringa lét seg ikkje stogge. I 1897 vart det jamvel lov for ein lekmann å nytte preikestolen i kyrkjene. Tre år seinare sat Orheim i kyrkja og høyrde den unge lekmannen Ludvig Hope forkynne evangeliet på nynorsk, sjølv om presten prøvde å hindre han. Orheim såg føre seg ei utvikling han ville vere med på. I denne utviklinga måtte kristenfolket lære seg å syngje om Jesus på nynorsk, og dei måtte venje seg til felemusikk. Fekk han ikkje spele fele på bedehuset, fann han seg eit anna lokale. Han var like urokkeleg som Hope.

To år seinare, medan han gjekk på amtsskulen, fekk han problem med synet. Aukande smerter i auga og hovudet gjorde at han til sist måtte til spesialist, som slo fast at han kom til å verte blind. Etter alt å døme var det grøn stær som tok synet frå han, slik at han var blind frå han var i 18 årsalderen.

På det tidspunktet hadde han allereie teke til å dikte. I 1903 gav han ut den første diktsamlinga si, *Heimlokk*, og frå same året tok dei til å kome, alle dei salmane vi hugsar han for:

- 1903: Eg fann min Gud
- 1905: So syng eg mitt ungdomskvad
- 1905: Eg tenkte då eg levde i syndelivet villt
- 1907: Å, var eg meir deg, Jesus, lik
- 1907: Å, tenk ein gong når alle fram skal stemna
- 1908: Ved Jesu føter
- 1908: Kvardagskristen vil eg vera
- 1909: Eg hev ei tenesta stor for Gud

Det vi minnest han for, skreiv han altså frå han var 18 til han var 25 år. Vi minnest han for det han skreiv i fysisk og åndeleg smerte, ei smerte som tapte si kraft i møte med «den fadersmil som tek all gru». Han laga melodi til dei fleste tekstene sjølv, men nokre av dei vert sungne til folketonar.

Orheim var ein mann med visjonar. Han brann for ein ungdomskultur som hadde rom for både det frilynte og det kristelige, og han var den drivande krafta bak bygginga av folkehøgskulen på Sandane. Samstundes er dikta hans prega av det heilt jordnære. Stryningen Katrin Lunde ved Høgskulen i Volda minnest skuledagane slik:

«Vi song nokre av songane hans Orheim i skulen. I alle fall lærde vi *Eg hev ei tenesta stor for Gud, frå dag til dag i det stille*. Eg har alltid halde det for ein vitug song, i samsvar med det eg oppfatta som typiske verdiar i den verda eg voks opp i: jamt, gladlynt sinnelag, gjere godt arbeid og vere ansvarleg – slike kvalitetar la andre merke til og heldt i ære; effektmakeri og staffasje vyrde ein ikkje.»

Lekpredikantane frå Orheim si tid har ofte vorte stempla som mørkemenn. Åse Marie Nesse opplevde han ikkje slik:

«Eg må ha vore ni eller ti år då Matias Orheim kom til bygda ... Det var ei slags høgtid berre å sjå han ... Han tala som ingen annan vi hadde høyrte ... Orda steig og fall i mjuke rytmiske klanger ... Sanneleg song han ikkje også. Det var så visst ingen dommedags-skremsler på bedehuset den kvelden, berre lyse, lovande ord:

*Kor mykje stort, kor mykje gildt,
Kor mykje herlegdom*

Ennå var den beste vinen att til sist. Under over alle under. Bryllaupet i Kana var blåbær og barnemat mot dette. Matias Orheim, blind som Samson, spela på glas! Alle kunne sjå at det var vatn i glasa, vatn i ulik høgd. Vart vatnet til vin under denne meisters hender? I så fall ville eg ha sett det som den mest naturlege ting av verden. Men for ei sløsing med Guds gåver det ville ha vore i denne forsamlinga »

Eg har tidlegare skrive om nynorske salmediktarar som fekk inspirasjon frå Orheim. Kanskje kan eg leggje til Åse Marie Nesse sin vakre kveldssalme i rekkja av dei som dikta etter Orheim:

Og når det kveldar siste gong, når dag og time svinn,
då vil eg sovne i ein song om morgonroden over fjell,
ein stad er ingen skuggar fell, eit land der lyset vinn.
Ver du meg nær når livet døy, eg bed deg, Herre, høyr!

Å, tenk eingong når alle fram skal stemna (NoS 256)

Tekst: Matias Orheim 1908; mel.: folketone frå Sykkylven; arr.: Sverre Volle 2013

1 - Solo

Å, tenk eingong når alle fram skal stemna
til himlens port, og alle bankar på,
det vert eit syn som ingen no kan nemna,
kven skal gå inn, og kven skal ute stå?

2 - Allsong

Å, tenk eingong det stemnemøte store
når me ved porten skal kvarandre sjå,
me som på jordi her i lag har vore;
kven skal gå inn, og kven skal ute stå?

3 - Solo

Å, tenk eingong om eg og du skal vera
i lag med dei som utan olje stend,
og der vår lampe utan ljøs må bera,
og av vår brudgom aldri verta kjend!

4 - Allsong

Å, tenk eingong kor stort at me får leva
og høyra at me kan den oljen få
som vil oss ljøs på bryllaupslampa gjeva,
så me med glede kan til porten gå!

5 - Allsong

Å, tenk eingong når brudgomen skal koma
og opna døri for si kjære brud.
Då vil vel songen høgt i himlen ljoma
når brud og brudgom stend i
himmelskrud!

Ned i vester soli glader (NoS 821)

Tekst: Anders Hovden 1910; mel.: folketone frå Nordfjordeid; arr.: Terje Aarset 1995

1 - Solo

Ned i vester soli glader.
Takk for dagen, Gud og Fader,
gjev oss vern til natti no!
Takk for mat og takk for klede,
takk for arbeidskraft og glede,
gjev oss hjartefred og ro!

2 - Solo

Gud og Fader, lat oss sova
under englevakt i stova,
ver vår sol om natti, du!
Når så siste dagen dalar,
lyft oss opp i dine salar,
lei oss over stjernebru!